



Liv Margareth Alver

Dato: 27.03.2015
Vår ref.: 2014/12281-31
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:


Vedrørende førespurnad om automatisk freda gravminne Askeladden id 124843 - Ytre Fosse gnr 146 bnr 44 - Lindås - Tilbakemelding etter synfaring

Vi viser til førespurnad per telefon og e-post korrespondanse vedrørende eventuell bruk av tomt ved Askeladden-id 124843 på gnr 146/44, Ytre Fosse i Lindås kommune. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I vestlege del av tomta er det registrert eit automatisk freda kulturminne, eit gravminne med Askeladden-id 124843. Førespurnaden gjeld korvidt det er råd å oppføre eit hus på tomta ut frå kulturminneomsyn. Det føreligg per no ikkje søknad om dispensasjon eller bygging på tomta. For å vurdere eventuell framtidig bruk av arealet var det naudsynt å gjere ei synfaring. Arkeologar frå Hordaland fylkeskommune gjorde ei synfaring på staden 25.02.15. Tilstades var grunneigar Liv Margareth Alver, og Monika Serafinska og Heidi Handeland frå Hordaland fylkeskommune.

Vurdering

Det aktuelle gravminnet ligg på ein markert naturleg haug i terrenget. Det er kjent ei rekke førhistoriske gravfunn i nærområdet. I svært mange tilfelle kor bygging er planlagt nær automatisk freda kulturminne, vil fylkeskommunen rå i frå bygging. I dette tilfellet er høgdeforskjellen på det minste 3 m mellom kulturminnet og arealet nedanfor på austsida. Kulturminnet si utstrekning og dei topografiske høva på staden tilseier at vi i dette tilfellet ikkje finn grunn til å rå i frå bruk av tomt gnr 146/44. Av omsyn til det automatisk freda kulturminnet på toppen av haugen ber vi om at nytt bygg blir trekt så langt aust på tomta som muleg, og vi tilrår ein avstand på minimum 10 m i tillegg til sikringssone. Vi vil vidare rå til at eit eventuelt nytt bygg får maksimal høgde tilsvarande kote 65. Eventuell dispensasjonssøknad og byggesøknad på tomta må leggast fram for Hordaland fylkeskommune for vurdering av kulturminneomsyn, jf. § 3 i kulturminnelova.



Kart over gnr 146/44 med automatisk freda kulturminne markert.

Med helsing

Tore Bjørgo
Fung. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

